



Femteklassingar les Gausvikdiktet 17. mai 2008

Eit fast innslag ved bautasteinen under feiringa av 17. mai er at elevar i 5. klasse les diktet som Olaf Agnar Gausvik har forfatta og det står på programmet også dette året. Men i år er det 100 år sidan denne unike steinen vart avduka og det har no kome forslag om at også dette jubileet skal markerast. Forslaget går ut på at diktet som Kristen Døssland skreiv til avdukinga skal lesast og det har fått ei positiv mottaking.

Diktet heiter EI TAKK TIL FEDRANE og er slik::



100-åring i sentrum

*Her fylka meg standa til fest i dag
med vyrndnad me hugsar på
dei gjeve fedrar som ville i slag
for Noreg sin fridom slå.
Kvar dal sende sine søner ut,
til grensevakt møtte Noregs gut!
Om landet var fattig*

dei tolde ikkje sjå
at vår fridom vart trakka på.
Og striden var hatig og striden var hard
og soga vart skreven med blod.
Der framme i brodden så mangen ein kar
i heitaste krigsotta stod.
Men i fattige kår kring i landet dei sat
i utarma heimar, med barkebrøds mat,
og far var i krigen, var kanskje alt daud,
for døra stod svolt og naud.

So gjekk dei då fram dei tungsame år
snart landet alt blømande stod.
Og soli ho vermde ein vaknande vår
i landet det tok til å gro.
Og freden den fekk me i hundrade år
av di held me høgtid kvar einaste vår.
Den steinen med vyrdnad me her dukar av
i takk for det fedrane gav!

Forslaget om reisning av bautasteinen kom om vinteren 1914 og han skulle vera til minne om dei som vart utkommanderte frå bygda i ufreden 1808-1814. Det vart vald ein komite med Thor Myklebust senior som leiar og det vart halde synfaring av ein stein i utmarka til Amund T.Myklebust som var stor og velskikka til føremålet.

Det kosta mykje sveitte å få han til bygds men han tok også ut på eigen hand ein lang strekning. Abel Eik og Johannes Wang hogg inn namna.Under avdukinga 17. mai var det strålende ver og mykje folk på beina.

Thor Myklebust let duken falla og om kvelden var det folkefest i skulehuset med rusdrykken og det norske målet på programmet.

Det var 29 uskedelingar som var utkommanderte og 5 av deikom ikkje attende.

Tekst, foto og nett:Ola Matti Mathisen